



## MØTEPROTOKOLL

### Bjergvin bispedømeråd 2016-2019

**Dato:** 23.05.2017 kl. 0:00  
**Stad:** Bjergvin bispedømekontor, Strandgaten 198  
**Arkivsak:** 17/01602

**Tilstades:** Inger Helene Nordeide, Karl Johan Kirkebø, Beate Husa, Vemund Atle Øiestad, Ida Lindøe, Berit Nøst Dale, Marius Økland, Halvor Nordhaug, Kjersti Brakestad Boge, Jan Ove Fjelltveit

**Møtande varamedlemer:** Egil Morland for Nora Sætre Baartvedt

**Forfall:**

**Andre:**

## SAKSLISTE

**Side**

### Godkjenning av innkalling og saksliste

### Godkjenning av protokoll

### Saker til behandling

<a href="#">19/17</a>	Tilsetting - sokneprest i Fana prosti med Slettebakken sokn som tenestestad - <i>Unntatt offentlegheit</i>	2
<a href="#">20/17</a>	Tilsetting av sokneprest i Bergen domprosti, Landås sokn - <i>Unntatt offentlegheit</i>	3
<a href="#">21/17</a>	Tilsetting - sokneprest i Bergen domprosti, Fridalen sokn - <i>Unntatt offentlegheit</i>	3
<a href="#">22/17</a>	Økonomirapport 1.tertial 2017	3
<a href="#">23/17</a>	Budsjett 2017	3
<a href="#">24/17</a>	Høyring om nye reglar for val	3
<a href="#">25/17</a>	Sonderingar omring Forsøk jamfør sak KM 11/17	4
<a href="#">26/17</a>	Nytt styre i Stiftinga Familiekontoret i Nordfjord	4
<a href="#">27/17</a>	Svar på høyring - Forskrift om den norske kirkes medlemsregister	4

## Orienteringssaker

<a href="#">28/17</a>	Tildeling av midlar frå OVF - Opplysningsvesenets Fond 2017 - utsett orientering	5
<a href="#">29/17</a>	Revisjonsberetningen 2016	5

## Referatsaker

## Tilsettingssaker

22.05.2017

### Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent med følgande merknader

- Sakspapira på nokre saker må sendast på papir

### Godkjenning av protokoll

Godkjenning av protokoll vert utsett til neste møte.

### Saker til behandling

---

## 19/17 Tilsetting - sokneprest i Fana prosti med Slettebakken sokn som tenestestad

*Unntatt etter offentlegheitslova Offl. § 25 første ledd*

Vedtak

Björgvin bispedømeråd tilsett på faste vilkår sokneprest i Fana prosti (Bergensdalen), lønsgruppe 1555 sokneprest, med Slettebakken sokn som tenestestad

1. Thor Wladeck Brekkeflat
2. Bjørn Moe
3. Knut Kaldestad

## **20/17 Tilsetting av sokneprest i Bergen domprosti, Landås sokn**

*Unntatt etter offentlegheitslova Offl. § 25 første ledd*

### **Vedtak**

Bjørgvin bispedøme tilsett på faste vilkår i stillinga som sokneprest i Bergen domprosti (Bergensdalen), lønsgruppe 1555 sokneprest, med Landås sokn som tenestestad

1. Åse Kristin Nøkling Aagaard
  2. Knut Kaldestad
  3. Bjarte Nese
- 

## **21/17 Tilsetting - sokneprest i Bergen domprosti, Fridalen sokn**

*Unntatt etter offentlegheitslova Offl. § 25 første ledd*

### **Vedtak**

Bjørgvin bispedøme tilsett på faste vilkår i stillinga som sokneprest i Bergen domprosti (Bergensdalen), lønsgruppe 1555 sokneprest, med Landås sokn som tenestestad

1. Åse Kristin Nøkling Aagaard
  2. Knut Kaldestad
  3. Bjørn Moe
- 

## **22/17 Økonomirapport 1.tertial 2017**

### **Vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd tek til vitande økonomirapport pr april 2017.

---

## **23/17 Budsjett 2017**

### **Vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd vedtek budsjett 2017. Budsjettet har ei total ramme på kr 159.336.000.

---

## **24/17 Høyring om nye reglar for val**

### **Vedtak**

## **25/17 Sonderingar omring Forsøk jamfør sak KM 11/17**

### **Vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd vil at administrasjonen skal vere open for forsøk både i Bergen og i distrikta for mogleg utprøving av ulike modellar for arbeidsgjevarorganisasjonen.

---

## **26/17 Nytt styre i Stiftinga Familiekontoret i Nordfjord**

### **Vedtak**

Framlegg til nye styremedlemer 01.06.2017 - 31.05.2021:

Anne Stubbdal, Nordsida

Personleg vara: Kari Melvær Vadøy, Bremanger

Klaus Iversen, Raudeberg

Personleg vara: Gunn Helgesen, Selje

---

## **27/17 Svar på høyring - Forskrift om den norske kirkes medlemsregister**

### **Vedtak**

Bjørgvin biskop og bispedømeråd er stort sett samd i framlegget til ny forskrift, men har nokre merknader.

Det er viktig at forskrifta bidrar til å kvalitetssikra informasjonsinnsamlinga heilt frå utført handling til registrering, difor blir det uheldig å ta bort henvisinga til informasjonsplikta til den som utfører dei handlingane som skal registrerast.

Tidlegare var dette kyrkjebokførande prest sitt ansvar. Det materielle innhaldet i ordet «kyrkjebokfører» er no som før: «plikt til å registrera eller bidra til registrering av dei kyrkjelege handlingar, jfr. Tjenesteordning for menighetsprest §13.

I framlegget til ny forskrift §3 vert «Kirkebokfører» definert som: «den som er ansvarlig for å gjennomføre kirkelige handlinger», men ordet er ikkje brukt i forskrifta. Dette vert grunngjeve med at «kyrkjebokfører» betyr noko anna etter at det vart slutt med papirkyrkjebøker i 2012 og fellesrådet fekk lokalt behandlingsansvar.

Det vil då vera meir i samsvar med intensjonen i forskrifta at ein heilt tar vekk ordet «kyrkjebokfører» i staden for å omdefinera det. Samtidig er det viktig å ta vare på plikta til å bidra til registrering.

I noverande forskrift §8 står det:

*«Den ansvarlige for kirkebokføringen plikter å gi melding til den som ivaretar det daglige ansvaret for medlemsregisteret i vedkommende sokn om dåp, konfirmasjon,*

*vigsel til ekteskap, jordfestelse (gravferdsseremoni) ved prest i Den norske kirke samt inn- og utmeldinger av Den norske kirke.»*

Kyrkjerådet foreslår å ta bort denne formuleringa fordi dei meiner at det ikkje samsvarar med praksis. Det kan nok vera riktig i delar av landet, men er ikkje riktig over alt, praksis er ulik og særleg i mindre fellesråd kan ein vera meir avhengig av aktiv informasjonsformidling frå prest.

Vårt framlegg er at ein i ny §10, som erstattar noverande §8, legg til eit fjerde ledd. Vårt forslag til formulering tar ikkje med ordet kyrkjebokfører, men kombinerar formuleringa i ny §3 med den noverande §8, men utelater orda «ved prest» fordi nokre kyrkjelege handlingar også kan utførast av andre vigsla grupper:

*«Den som er ansvarlig for å gjennomføre kirkelige handlinger plikter å gi melding til den som ivaretar det daglige ansvaret for medlemsregisteret i vedkommende sokn om dåp, konfirmasjon, vigsel til ekteskap, jordfestelse (gravferdsseremoni) i Den norske kirke samt inn- og utmeldinger av Den norske kirke.»*

Vi er og samde i ny § 13 i framlegget, at det kan fastsetjast utfyllande retningslinjer. Det er eit behov for det når soknepresten ikkje lenger er kyrkjebokfører og ansvarleg for korleis opplysningar vert ført og for å avgjera tolkingsspørsmål. Dette gjeld særleg spørsmål knytta til føring av fadrar og i kva grad ein kan føra inn ekstra eller sletta.

## **Orienteringssaker**

<b>Saksnr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Tittel</b>
28/17	17/00765-6	Tildeling av midlar frå OVF - Opplysningsvesenets Fond 2017 - utsett orientering
29/17	17/03575-2	Revisjonsberetningen 2016